



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
201605625-6	07.06.2018	67539/2018/S11	Synnøve Valle, 71 28 02 39	07.06.2018

Ørsta kommune - søknad om konsesjon etter vassressurslova - utbygging av småkraftverk i Nøvedalselva - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Friluftsinnteresser

Vi viser til opplysningar frå kommunen 19.10.2016 og vårt brev 30.11.2016 som omhandlar at turstien opp Nøvedalselva er av nasjonal verdi og registrert i temakart for friluftsliv i kommuneplanens arealdel. Konsesjonssøknaden viser elles til at ei utbygging vil ha middels til stor negativ konsekvens for brukarinteressene friluftsliv og landskap.

Automatisk freda kulturminne

Vi viser til vår fråsegn 28.09.2016. Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne i traseen. Det vil derfor bli stilt krav om ei arkeologisk registrering i tilknytning til detaljplanen. Ei slik registrering skal kostast av tiltakshavar. Dette vil i hovudsak vere ei overflateregistrering, der ein søker etter kulturminne knytt til utmarksbruk.

Kulturminne frå nyare tid

Det er ikkje registrert kulturminne frå nyare tid innanfor planen sitt influensområde.

Den planlagde kraftutbygginga vil imidlertid føre til store og uheldige inngrep i eit landskap av høg verneverdi. Regjeringa har i 2018 definert områda rundt Hjørundfjorden som eit utvalt kulturlandskap, og området som er tenkt bygd ut må reknast som ein del av dette landskapet.

Inngrepa vil påvirke vassføringa i Nøvedalselva, noko som vil vere spesielt merkbart i dei godt synlege fossepartia. Dessutan vil bygging av anleggsveg og rørtrase gjennom dei skogkledde skogkledde liene medføre eit særskilt synleg inngrep i dette verdifulle landskapet. Når det gjeld nærmare vurderingar av dei skadelege konsekvensane for landskap, biologisk mangfald og friluftsliv/turisme syner vi til rådmannen i Ørsta sitt saksframlegg og uttale frå Fylkesmannen si miljøvernavdeling. Vi seier oss samd i desse vurderingane og vil ut frå dette frårå godkjenning av søknaden om småkraftverk i Nøvedalselva.

Vassforvaltning

Møre og Romsdal fylkeskommune er vassregionmyndigheit i Møre og Romsdal vassregion. Det er utarbeid ein regional plan for vassforvaltning for Møre og Romsdal vassregion 2016-

2021. Planen sett miljømål for kvar enkelt vassforekomst i regionen. Desse miljømåla legg føringar for NVE si saksbehandling og verksemd. I dei tilfella NVE gir løyve til tiltak som dei vurderer kjem i konflikt med miljømål i planen, ønsker vi informasjon om dette.

Nøvedalselva er i vann-nett registrert som ei sideelv til Standalselva v/Store Standal bekkefelt, og vassforekomst ID 097-107-R. I regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2016-2021 har vassforekomsten miljømål om å oppnå god kjemisk og økologisk tilstand innan 2021.

Utbygginga vil ikkje kome i konflikt med anadrom laksefisk, men det er lokal bekkeare i vassdraget. Utbygginga vil redusere vassføringa på delar av elvestrekket, og dette vil ha konsekvensar for bekkearen. Reguleringa vil påverke økologien i elva, og dermed kunne komme i konflikt med miljømålet i regional plan for vassforvaltning. NVE må i så tilfelle vurdere tiltaket etter § 12 i vassforskrifta.

Nøvedalselva er i følge vann-nett i god økologisk tilstand. Det er ikkje registrert nokon påverknader eller tiltak. Vassdraget er utan større fysiske inngrep, medan mange vassdrag i Ørsta kommune er berørt av utbygging. Verdien av inngrepsfri natur og den samla belastinga på vassdragsnaturen i området må takast med når søknaden skal bli vurdert. Ved utbygginga av Fladalen (Dalegjerdet) og Storelva (Standal) kraftverk blei det argumentert frå grunneigarane at dei skulle verne Nøvedalselva mot utbygging. Ut frå vurderingane over vil vi ikkje tilrå ei utbygging i Nøvedalselva.

KONKLUSJON

Det vil bli stilt krav om arkeologisk registrering i tilknytning til deltaljplanen.

Vi vil elles frårå godkjenning av planane for kraftverk av følgjande grunnar:

- Turstien opp langs Nøvedalselva er av nasjonal verdi og registrert i temakart for friluftsliv i kommuneplanens arealdel. Ei utbygging er vurdert å ha negative konsekvensar for friluftsinteressene.
- Det omsøkte kraftverksprosjektet vil bli liggjande i området rundt Hjørundfjorden som regjeringa i 2018 har definert som utvalt kulturlandskap. Ei utbygging vil ha skadelege konsekvensar for landskap, biologisk mangfald og friluftsliv/turisme.
- Verdien av inngrepsfri natur: Vassdraget er utan større fysiske inngrep, medan mange vassdrag i Ørsta kommune er berørt av utbygging. Dette tilseier vern av vassdraget.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Synnøve Valle
rådgivar

Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Arve Eiken Nytnun, tlf. 71 28 03 25
Kulturminne frå nyare tid: Bygningsantikvar Christ Allan Sylthe, tlf. 71 28 03 32
Vassforvaltning: Rådgivar Pernille Eriksdatter Giske, tlf. 71 28 02 59

Kopi:
Ørsta kommune
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal